

## **Kvinnherad kommunestyre 14.12.23 – Spørsmål til ordfører om tilstanden i Hardangerfjorden og Kvinnheradfjorden**

Fleire rapportar og målingar har i haust slått fast at oksygenivået i fjorddjupet er nede på kritisk lågt nivå. Målingane er gjort på oppdrag av Miljødirektoratet.

Mykje tyder på at smertegrensa for kor mykje nitrogenutslepp Hardangerfjorden og Kvinnheradfjorden kan tåla no er nådd. I vårt nærrområde har me mange oppdrettsanlegg, og akvakultur er den største menneskeskapte kjelda til utslepp av nærings salt i dei nemnte fjordane. Held utviklinga fram, så risikerer me at fjordane blir overgjødsla. Då gror dei igjen, oksygenet blir brukt opp, og i verste fall er det ikkje lenger leveleg for fisk og andre levande vesen i fjorddjupet.

Med bakgrunn i ovannemnte, har eg følgjande spørsmål til ordføraren:

1. Kva vil Kvinnherad kommune gjera for å sikra at den negative utviklinga ikkje held fram i Hardangerfjorden og Kvinnheradfjorden kva angår nærings salt og oksygenivå?
2. Miljødirektoratet har lyst ut eit nytt prosjekt kor bestillinga er ein brei gjennomgang av alle historiske måledata, prognosar og estimat som finnes for Hardangerfjorden. Har Kvinnherad kommune gjort noko aktivt for å sørgja for at kommunen og/eller Folgefonnsenteret får ei aktiv rolle i dette prosjektet?

Rosendal, 13. desember 2023

Med vennleg helsing

Maud Celia T. Førland (Sign.)  
Møtande vararepresentant  
for Jostein Saghaug